

Tonar av Erik Bye begeistra seniorane

KNARVIK: Superlativa satt svært laust etter at duoen Leif Blix og Lars Nygaard hadde framført si førestilling på seniorsenteret fredag føremiddag. Tekst og tonar relatert til Erik Bye sitt liv og virke rørte og engasjerte dei framømte i salen, som song lågmælt med då folkekjære "Anna Lovinda" og "Vår herres klink-kule" kunne høyrast frå podiet.



LENE WESTRHEIM
lene@nordhordland.no

TURNERER: Gruppa "Den gode melodi" består av Leif Blix (t.v) og Lars Nygaard. Dei turnerer no landet med eit variert program, som har hausta svært gode kritikkar landet over. Dei får særskild ros for sin spesielle evne til engasjerande historieforteljing og flott song som får gode minne fram frå gløymsele.

Duoen "Den gode melodi" har sidan 1992 underhalde tusenvis av menneske over heile landet med sine mange konsertar knytt til kjende og kjære visediktatar som Alf Prøysen, Evert Taube og Erik Bye. På Knarvik sjukeheim har dei vore før, med ein førestilling om Alf Prøysen. Leiar ved seniorsenteret, Astrid Byrknes, nølte difor ikkje med å invitera dei to karane tilbake ved eit anna høve, og fredag føremiddag skuffa dei ikkje dei framømte i salen. Byrknes snakka utan tvil på vegne av fleire då ho uttrykte sin begeist-

ring i etterkant av konserten.

- Tusen takk for eit fantastisk program, der vi fekk læra nye ting om Erik Bye, som gjorde at songane hans får nok ein dimensjon frå nå av, sa Byrknes, før Blix og Nygaard fekk rungande applaus frå publikum.

Skjemt og alvor

Svært kjende tonar frå Erik Bye stod på programmet, vekselvis med små anekdotar frå kulturpersonlegdomen sitt privatliv og

yrkeskarriere. Seniorane fekk høyra bakgrunnen for songen om "Anna Lovinda" og fleire nytta høve til å nynna eller synga med undervegs. Leif Blix, som fungerte som songar og historieforteljar, fortalde om Bye sitt varemerke: tekstar og tankar prega av undring, humor, såvel som reint sinne, saman med ein ufråvikeleg respekt for individet.

- Erik Bye bukka like djupt

for Jørgen Hattemakar som for Kong Salomon og Alf Prøysen uttrykte det på denne måten: "Du skal vera klar over at Erik er den største av oss alle- han er som eit univers som har plass til oss alle".

Utruleg flott

For tidlegare stortingsrepresentant Sverre Helland var det ekstra spesielt å vera vitne til ein førestilling om bye sitt liv og diktning. Han kjende nemleg


kona Tove, som var aktiv politiker i same parti i mange år.

- Eg hadde jo kjennskap til mye av det som kom fram, men det var ein del som var nytt for oss alle, seier den tidlegare Senterparti- politikaren til nh, som oppsummerte konserten slik:

- Ein fantastisk flott stund på alle måtar, rett og slett eit utruleg flott program, smilte han på veggen ut.



FRIVILLIG: Primus motorar for arrangementet fredag var Aud Furdal og Astrid Byrknes, som var svært glade for den hjelpa dei fekk frå frivillige hjelparar. Nikolai Færø og Zainad R. Jallo- Jamboria sytte til dømes for ein kaffitår og noko å bita i etter konserten.



LYTTA MED MERKSEMD: Kameratane Magne Konglevoll og Sverre Helland (begge i front i bildet) var blant dei som uttrykte stor begeistring for framføringa av Erik Bye sine viser på seniorsenteret i Knarvik.